

# Protokoll frå styremøte i Språkrådet 20. mai 2011

<i>Til stades:</i>	Ottar Grepstad, Sigrun Høgetveit Berg, Bente Christensen, Åse Lill Kimestad, Margrethe Kvarenes, Ola T. Lånke, Trond Trosterud, Helene Uri, Åse Wetås (ikkje S 34/11, andre del)
<i>Forfall:</i>	Kamil Øzerk
<i>Frå sekretariatet:</i>	Karl Henrik Steinsholt (fungerande direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar)
<i>Observatørar:</i>	Arnfinn Muruvik Vonen, Grete Riise (S 34/11, første del), Aud Søyland (S 34/11, første del)
<i>Møtestad:</i>	Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møteleiar:</i>	Grepstad
<i>Referent:</i>	Runnestø
<i>Møtetid:</i>	Kl. 11.00–16.00

## Sakliste

### Konstituering

- S 24/11 Godkjenning av innkalling og sakliste
- S 25/11 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. februar 2011

### Informasjonssaker

- S 26/11 Etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet 26. april 2011
- S 27/11 Informasjon frå direktøren
- S 28/11 Økonomistyring av prosjekt og enkeltsatsingar, jf. S 14/11
- S 29/11 Høyringsfråsegn om NOU 2010: 14 frå mediestøtteutvalet
- S 30/11 Språkstatus 2011
- S 31/11 Opplegg for styremøtet i Ål i Hallingdal 1.–2. september
- S 32/11 Frå fagråda, møtereferat

### Drøftingssaker

- S 33/11 Seminar med stortingskomitear om aktuelle språksaker i medie- og utdanningspolitikken

### Vedtaksaker

- S 34/11 2012-normalen for nynorsk rettskriving
- S 35/11 Plan for innføringa av nynorsknormalen
- S 36/11 Budsjettsøknad 2012: konkretisering av nye tiltak
- S 37/11 Rekneskap per 30. april 2011
- S 38/11 Eventuelle ekstraordinære tiltak på budsjettet for 2011
- S 39/11 Oppfølging av tildelingsbrevet for 2011
- S 40/11 Oppfølging av haldningsundersøkinga blant norsklærarar
- S 41/11 Revisjon av læreplan i norsk
- S 42/11 Oppfølging av kommuneundersøkinga
- S 43/11 Brev til Kunnskapsdepartementet om språkkrav i læringsressursar
- S 44/11 Normeringsfullmakter til Språkrådet, jf. S 13/11

## **Konstituering**

### **S 24/11 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sakspapir:** Sakliste 13. mai

Styrelsiaren ynskte særleg velkomen til Arnfinn Muruvik Vonen, som tek til i stillinga som direktør i Språkrådet 23. mai.  
Grepstad ynskte også Grete Riise og Aud Søyland særskilt vel møtt til orienteringa under S 34/11.

**Merknad:** Åse Wetås sa seg ugild i S 34/11.

**Vedtak:** 1 Innkallinga og saklista er godkjende.  
2 På grunn av den store saksmengda får styremedlemmene dobbel godtgjersle for førebuing til møtet.

### **S 25/11 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. februar 2011**

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen frå styremøtet 22. februar 2011 er godkjend.

## **Informasjonssaker**

### **S 26/11 Etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet 26. april 2011**

**Sakspapir:** Saklista til møtet

Styrelsiaren refererte frå møtet, som Kulturdepartementet skriv referat frå.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 27/11 Informasjon frå direktøren**

**Sakspapir:** Notat om Språkdagen 2011 frå fagrådet for samfunn og høgare utdanning 12. mai

Styret hadde ein del kommentarar til programutkastet til Språkdagen.

Direktøren orienterte om at:

- Sonja Myhre Holten tek til i nyskipa stilling som rådgjevar for teiknspråk 5. september;
- Kristin Fridtun og Line Lysaker Heinesen er tilsette i vikariat for to stadnamnsekretærar som går ut i svangerskapspermisjon;
- Riksrevisjonen har ingen vesentlege merknader til årsrekneskapen for 2010.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til vitende.

**S 28/11 Økonomistyring av prosjekt og enkeltsatsingar, jf. S 14/11**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren 6. mai

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 29/11 Høyringsfråsegn om NOU 2010: 14 frå mediestøtteutvalet**

**Sakspapir:** Høyringsfråsegn til Kulturdepartementet 18. april

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til vitende.

**S 30/11 Språkstatus 2011**

**Sakspapir:** Ingen

Styrelsiaren får framlegget til rapport til gjennomsyn 1. juni, og den endelege rapporten blir etter planen send til Kulturdepartementet seinare i juni.

**Vedtak:** 1 Styret tok informasjonen til orientering.  
2 Rapporten blir evaluert på styremøtet i september, som også fastset arbeidsform og framdriftsplan for Språkstatus 2012.

**S 31/11 Opplegg for styremøtet i Ål i Hallingdal 1.–2. september**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet og styremedlem Høgetveit Berg 4. mai

**Vedtak:** Administrasjonen får fullmakt til å fullføra programmet på grunnlag av prioriteringane på møtet og rådfører seg med styremedlem Sigrun Høgetveit Berg.

**S 32/11 Frå fagråda, møtereferat**

**Sakspapir:** Fagråd 1: referat frå møte 14. februar og 14. mars 2011  
Fagråd 2: referat frå møte 28. januar og 21. februar 2011, notat 8. april 2011  
Fagråd 3: referat frå møte 12. januar og 22. februar 2011  
Fagråd 4: referat frå møte 16. mars 2011

**Vedtak:** Styret inviterer fagrådsleiarane til møte for å avklara rolle og oppgåver for fagråda og innhald og form i møtereferata.

## Drøftingssaker

### **S 33/11 Seminar med stortingskomitear om aktuelle språksaker i medie- og utdanningspolitikken**

**Sakspapir:** Notat frå styremedlem Ola T. Lånke 19. mai

**Vedtak:** Administrasjonen følgjer opp saka i samsvar med saksførelegg og drøftinga på møtet.

## Vedtakssaker

### **S 34/11 2012-normalen for nynorsk rettskriving**

**Sakspapir:** *Ny rettskriving for 2000-talet.* Innstilling frå rettskrivingsnemnda for nynorsk, april 2011 (send styret 4. april)  
Innstilling til styret frå styreleiaren 10. mai  
Fråsegn frå fagrådet for normering og språkoobservasjon 29. april  
Oversyn over høyringsfråsegner fram til 1. april  
Brev til styret frå Kristin Fridtun og Arvid Langeland 12. mai 2011  
Brev til styret frå Klaus Johan Myrvoll 13. mai 2011  
Brev til styret frå Erlend Bakke 13. mai 2011  
Brev til styret frå Bjørn S. Søltnæs 16. mai 2011  
Brev til styret frå Tordis Irene Fosse 18. mai 2011

#### **Drøfting**

Etter ei kort innleiing av styreleiaren orienterte Riise og Søyland om innstillinga, og om kommentarar og kritikk som arbeidet har fått. Styret stilte deretter spørsmål til nemnda. Styreleiaren avslutta denne delen av saka med å takka nemnda for framifrå utført arbeid.

Etter at Wetås, Riise og Søyland hadde forlate møtet, drøfta styret saka vidare.

#### **Prøverøysting**

Ved ei prøverøysting røysta 6 for og 2 mot punkta 5 og 6 i framlegget til vedtak.

#### **Endeleg røysting**

Ved endeleg røysting røysta 6 for og 2 mot punkta 5 og 6 i framlegget til vedtak.

#### **Voteringsrekkefølgje**

Det var semje om å skilja ut punkta 5 og 6 i ei eiga røysting då heile framlegget til vedtak skulle takast opp til røysting. Det vart då først røysta over punkta 1–4 og 7–10 under eitt. Desse vedtok styret samrøystes. Punkta 5 og 6 vedtok styret med 6 mot 2 røyster.

#### **Vedtak**

1 Framlegget til ny rettskriving for nynorsk gir nynorsk ei moderne, landsgyldig rettskriving. Det systemet med hovud- og sideformer som blei formalisert frå 1938, blir med dette avvikla, og nynorsk blir eit språk meir på linje med andre språk, normert på eige grunnlag.

2 Den nye nynorsknormalen balanserer godt den store talemåls- og skriftspråklege variasjonen som er særmerkt for nynorsk. Framlegget kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar, er tydelegare for alle som bruker nynorsk som sidemål, og gjer det enklare å skrive nynorsk rett uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse. Den nye nynorsknormalen fører vidare former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar og sikrar at nynorsk framleis kan appellere til språkbrukarar over heile landet. Med dette framlegget kan dei aller fleste nynorskbrukarar skrive nett som før, og det blir enklare for nye generasjonar å ta til seg dette skriftspråket.

3 Den opne prosessen har sikra brei deltaking i arbeidet. Dette har gitt eit godt grunnlag for å vurdere kva endringsframlegg som har brei støtte, og kva det ikkje er mogleg å vinne tilslutning til no. Den sterke posisjonen talemål har fått i Noreg dei siste tiåra, den store variasjonen i skriftspråkleg praksis og den breie debatten har gjort at framlegget i all hovudsak er så tydeleg, enkelt og stramt som det no kunne bli om det samstundes skulle bli akseptert av breie brukargrupper. Mange har strekt seg langt for å oppnå semje. Den semja markerer eit tidvende i arbeidet med nynorsk rettskriving.

4 Språkrådet sluttar seg på alle punkt til innstillinga frå rettskrivingsnemnda og rår til at Kulturdepartementet godkjenner framlegget til ny rettskriving for nynorsk med verknad frå 1. august 2012. Av omsyn til det arbeidet som må gjerast før den nye normalen blir teken i bruk, bed Språkrådet om at departementet tek stilling før 1. september 2011.

5 Den nye rettskrivinga viser kva som er korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal. Den store valfridomen inneber at mange institusjonar, organisasjonar og verksemder i praksis kjem til å gjere mange val og fastsetje eigne husnormer. Slike husnormer skal brukast av personar med ulike språklege og kulturelle føresetnader, og dei må vere fagleg godt funderte for at dei skal dekkje dei daglege behova som følgjer av særleg mållova og arbeidet med klarspråk i offentleg forvaltning.

6 Språkrådet vil difor fastsetje ei tilrådd norm for nynorsk. Den norma blir eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert. Språkrådet vil stimulere flest mogleg offentlege institusjonar, produsentar av digitale språkreskappar, forlag og aviser og andre viktige normagentar til å bruke norma. Språkrådets tilrådde norm blir seinast fastsett på styremøtet i februar 2012. Denne norma blir tilgjengeleg som eit sjølvstendig digitalt dokument frå Språkrådet, men skal ikkje på noko vis markerast i ordbøker eller ordlister.

7 Styret bed fagrådet for normering og språkoobservasjon utgreie og gi sine råd om meir overordna spørsmål som rettskrivingsnemnda ikkje kunne prioritere å ta stilling til, særleg valfridomen i kjønn på substantiv og fuge i samansetjing. Dette arbeidet må gjerast uavhengig av innføringa av den nye rettskrivingsnormalen. Likeins bed styret fagrådet om ein plan for mogleg følgjeforskning som kan syne korleis den nye rettskrivingsnormalen verkar over tid.

8 Rettskriving i seg sjølv endrar ikkje språkbruksmønster og utbreiinga av eit språk. Språkrådet vil difor halde fram og forsterke arbeidet med tiltak som kan fremje bruken av nynorsk, med særleg vekt på nye og positive tiltak som kan verke.

Styret takkar rettskrivingsnemnd, sekretær, administrasjon og fagråd for framifrå arbeid, likeins alle som gjennom synspunkt, innlegg og framlegg har vore med og lagt grunnlaget for ei rettskriving som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Styreleiaren får fullmakt til å forme oversendingsbrev til Kulturdepartementet på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

**S 35/11 Plan for innføringa av nynorsknormalen**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 13. mai  
Fråsegn frå landsmøtet i Noregs Mållag 8.–10. april

**Vedtak:** På grunnlag av drøftingane i styret lagar administrasjonen ein meir utbygd plan for innføringa av 2012-normalen, jf. sak 36/11.

**S 36/11 Budsjettsøknad 2012: konkretisering av nye tiltak**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 13. mai

**Vedtak:** På grunnlag av drøftinga på møtet sender direktøren i samråd med styreleiaren konkretisering av dei tre prioriterte tiltaka til Kulturdepartementet innan 4. juli.

**S 37/11 Rekneskap per 30. april 2011**

**Sakspapir:** Rekneskapsrapport per 30. april  
Notat frå sekretariatet 12. mai

**Vedtak:** Styret tek rekneskapen til vitende.

**S 38/11 Eventuelle ekstraordinære tiltak på budsjettet for 2011**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 12. mai

**Vedtak:** Styret prioriterer førebels desse tiltaka:  
1 Samling av undersøkingar/forskning om opplæring i nynorsk som sidemål  
2 Svardatabasen  
3 Undersøking av kvaliteten på språket i trykte og digitale læremiddel  
4 Innlegging av skanna nyordsmateriale i database  
På grunnlag av drøftinga på møtet slutfører direktøren i samråd med styreleiaren arbeidet med ei prioritert liste over eventuelle ekstraordinære tiltak i 2011.

**S 39/11 Oppfølging av tildelingsbrevet for 2011**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 12. mai

**Vedtak:** Styret tek notatet til vitende med dei merknadene som kom fram i drøftinga.

**S 40/11 Oppfølging av haldningsundersøkinga blant norsklærarar**

**Sakspapir:** Oppsummering frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning frå seminar om haldningsundersøkinga 10. februar 2011

Notat frå fagrådsleiar og fagrådsekretær 15. mars 2011  
Om undersøkinga på nettsidene til Språkrådet  
Brev frå Nynorsklaget 10. februar 2011

**Vedtak:** 1 Styret ber administrasjonen og fagrådet for skule og offentleg forvaltning om framlegg til ein handlingsplan til styremøtet i september.  
2 Styret set saka opp på saklista til mogleg møte med utdanningskomiteen i Stortinget hausten 2011.

### **S 41/11 Revisjon av læreplan i norsk**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 10. mai

**Vedtak:** Styret tek saka opp til utdjupande drøfting på møtet i september.

### **S 42/11 Oppfølging av kommuneundersøkinga**

**Sakspapir:** Utkast til brev til statsorgan under departementsnivå frå sekretariatet 13. mai

**Vedtak:** 1 Styret bed om at rapport om målbruk i nynorskkommunar blir lagd fram på neste styremøte.  
2 Styret godkjenner brevet med dei merknadene som kom fram på møtet.

### **S 43/11 Brev til Kunnskapsdepartementet om språkkrav i læringsressursar**

**Sakspapir:** Utkast til brev til Kulturdepartementet og til Kunnskapsdepartementet

**Vedtak:** Styret godkjenner brevet med dei merknadene som kom fram på møtet.

### **S 44/11 Normeringsfullmakter til Språkrådet, jf. S 13/11**

**Vedtak:** Styreleiaren og direktøren tek opp saka på neste etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet.

## Godkjenning

Protokollen er godkjend på styremøtet 2. september 2011.

Ottar Grepstad

Åse Lill Kimestad

Sigrun Høgetveit Berg

Bente Christensen

Margrete Kvarenes

Ola T. Lånke

Trond Trosterud

Helene Uri

Åse Wetås

Karl Henrik Steinsholt